



Ørskog kommune

Heimetenestene

6240 Ørskog

TENESTEOMTALE

for

Praktisk bistand

Praktisk bistand er ei teneste som skal bidra til at brukaren skal kunne bu i sin bustad / omsorgsbustad lengst mulig. Tenesta omfattar praktiske oppgåver som brukaren ikkje klarer å utføre sjølv, og som ikkje er relatert til pleie, personleg hygiene og andre sjukepleiefaglege oppgåver.. Reinhold vert utført berre i rom som vert nytta til dagleg. Vanlege arbeidsoppgåver er:

- Støvsuging.
- Golvvask.
- Vask av klede for dei som ikkje har andre ordningar.
- Skifting av sengetøy.
- Tilrettelegging av måltid.
- Diverse praktiske daglege oppgåver

Praktisk bistand omfattar ikkje nedvask, hagestell, snømåking, baking, utvendig vindusvask der vindauga ikkje kan snuast, flytting av tunge møblar / teppe og stryking av klede. All hjelp vert fortløpande vurdert og ytt etter individuell vurdering.

Omtale av tenesta

Målgruppe

Personar som bur i bustad / omsorgsbustad i Ørskog kommune og som på grunn av sitt funksjonsnivå treng hjelp til praktiske oppgåver.

Kriterium

Individuell vurdering. Hjelpa er tidsavgrensa og vert vurdert fortløpande.

Pris

Kommunen kan ta betaling for dei tenestene som ikkje omfattar eigenomsorg og personleg stell. Betalingssatsane vert vedtekne av kommunestyret i desember kvart år.

Kontaktinformasjon

Heimetenestene v/einingsleiar Kari Sjøholt, e-post – kari.sjoholt@orskog.kommune.no
6240 Ørskog, tlf. 70 27 38 02

Søknadsprosess

Rettleiing

1. Søkjar fyller ut og underteiknar søknadsskjema.

2. Søknadsskjema skal sendast til Heimetenestene v/ einingsleiar, Steinholtvegen 6, 6240 Ørskog.
3. Tilsette frå Heimetenestene vil ta kontakt for å avtale eit vurderingsbesøk, der eventuelle tilleggsopplysningar kan innhentast, og IPLOS registerkort vert gjennomgått for å sikre at rett funksjonsnivå er registrert.
4. Søkjar vil få skriftleg svar straks søknaden er handsama i vedtaksnemnda.

Søknadsskjema

Søknadsskjema får ein få ved å kontakte Sørviskontoret, tlf. 70 16 59 00, Heimetenestene eller ved å laste ned skjema her: <http://www.orskog.kommune.no/sjolvbetening/>

Handsaming

1. Heimetenestene mottok søknaden om Praktisk bistand.
2. Vurderingsbesøk vert avtalt og utført.
3. Søknaden vert handsama på første vedtaksmøte. Nemnda held møte kvar 2. tysdag i månaden.
4. Svar på søknaden vert sendt søkjar rett etter at vedtaket er gjort.
5. Vedtak er basert på den einkilde sitt behov og skal innehalde opplysningar om søknaden vert imøtekomen heilt eller delvis.
6. Vedtaket vert sett i verk.

Klage

Vedtaket kan påklagast innan ein frist på tre veker frå svar er motteke.

Klaga skal sendast til Heimetenesten v/ einingsleiar, Steinholtvegen 6, 6240 Ørskog.

Søkjar skal grunngje kva ein ønskjer å endre i vedtaket. Kommunen vil kunne gje rettleiing.

Søkjar har rett til innsyn i alle dokumenta som gjeld saka.

Dersom vedtaket vert uendra etter ny handsaming, vert klagen sendt vidare til Fylkeslegen frå vedtaksnemnda.

Serviceerklæring

Kva kan du forvente av tenesteytar:

- At brukar får den hjelpa som er skildra i vedtaket/ tenesteavtalen.
- At brukar og hans familie vil bli møtt med respekt.
- At personalet er underlagt teieplikt.
- At tenestene kjem til avtalt tid, dersom ikkje anna er varsla.
- At tilbod om hjelp kan reduserast når brukar har besøk, og fell bort dersom brukar er bortreist eller innlagt på institusjon.

For at vi skal kunne oppfylle dette forventar vi at (du = brukar av tenesta)

- Vegen til bustaden er framkommeleg for bil heile året.
- At hjelpar vert møtt med respekt.
- Utstyr og forbruksmateriell er tidsmessig og i orden.
- Det vert gitt beskjed dersom du ikkje er til stades ved avtalt tid.
- Det vert berre ytt hjelp når brukaren er til stades.
- Du er villig til å installere nødvendige hjelpemidlar som er til nytte for deg og/eller hjelparen din.
- At personalet ikkje vert utsett for røyking – det vert lufta før tenesteytar kjem.
- Du som brukar av tenesten har alle forpliktingar m.h.t ev. husdyr. Du kan bli bedd om å halde desse på avstand når tenesteytar er til stades.
- Du aksepterer at dei som yter heimehjelp er omfatta av Arbeidsmiljølova, og skal ha eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i sitt daglege arbeid.

Lover og retningslinjer

Helse- og omsorgstjenestelova § 3-2, punkt 6, bokstav b).

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=lov om kommunale helse og#KAPITTEL_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=lov%20om%20kommunale%20helse%20og%20KAPITTEL_3)